

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
02.09.2024 23/57449- 16 Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
20/24	Vestlandsrådet	10.09.2024

Høringssvar frå Vestlandsrådet til «NOU 2024: 7 Norge og EØS: Utvikling og erfaringer»

Innstilling:

Vestlandsrådet si fråsegn til utgreiinga sitt punkt om næringsutvikling og deltaking i ulike EU-program.

- Vestlandsrådet meiner det er positivt at det er sett ned eit nasjonalt utval for å vurdere erfaringane frå EØS-avtalen og andre avtalar Noreg har med EU.
- Utgreiinga gir eit godt kunnskapsgrunnlag om moglegheitene og utfordringane Noreg står overfor.
- Vestlandsrådet ber regjeringa om å finansiere norsk deltaking i Nordsjøprogrammet neste programperiode.
- Vestlandsrådet ber regjeringa sikre rask innføring av EØS-lovverk, inkludert Net Zero Industry Act (NZIA) og Critical Raw Material Act (CRMA). Etterslep i innlemminga av EØS-rettsakter, spesielt når det gjeld energiområdet, skaper uvisse i samfunnet og ugunstige konkurransevilkår for norsk næringsliv.
- Vestlandsrådet støttar forslaget om å raskt avklare EØS-relevansen til uteståande rettsakter, og redusere etterslepet av lovgjeving som har trådt i kraft i EU, men som enno ikkje har blitt ein del av EØS-avtalen. Det er avgjerande for norske verksemdar si konkurransekraft at dei får rammevilkår som er på line med aktørar i EU. Norske styresmakter bør vere aktive på alle stadier i utforminga av EU-regelverk.
- Det er behov for tydelegare rammer og mandat for kommunesektoren si deltaking i EU-samarbeid, både i politikkkutforming og prosjektdeltaking.
- Tilgang til finansieringsordningar i EU, som Horisont Europa, Interreg og Erasmus+, er viktig for regionalt utviklingsarbeid. Regjeringa bør sikre moglegheit for deltaking for norske aktørar.

- Vestlandsrådet meiner at bruk av nasjonale ekspertar i EU-systemet er viktig for å spreie kunnskap om EU i byråkratiet lokalt, regionalt og nasjonalt. Utlysingar av ekspertstillingar må ikkje utelukke tilsette i fylke og kommunar, og regelverket bør tilpassast slik at det ikkje er til hinder for utreise av ekspertar.

Bakgrunn

Uttalen er basert på utgreiingar i dei tre fylkeskommunane. Desse er alle vedlagt saka

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Vedlegg

Høring Rogaland - NOU 2024_7 Norge og EØS_ Utvikling og erfaringer (1)

Høring Vestland - NOU 2024_7 Norge og EØS_ Utvikling og erfaringer (1)

Høring Møre og Romsdal - NOU 2024_7 Norge og EØS_ Utvikling og erfaringer